

REGIONAL PLAN FOR DOVREFJELLOMRÅDET

Planomtale og konsekvensutredning (A)



Foto: Olav Strand



Foto: Ole Einar Butli Haarstad

Regional plan for Dovrefjellområdet (etter plan- og bygningslova kap. 8)	Oppland fylkeskommune	
	Hedmark fylkeskommune	
	Sør- Trøndelag fylkeskommune	
	Møre og Romsdal fylkeskommune	
Produsent	Eigenproduksjon	
Behandlingar		
Styringsgruppa		23.06.2014
Styringsgruppa		29.09.2014
Styringsgruppa		24.10.2014
Oppland fylkeskommune	Fylkesutvalget	18.11.2014
Hedmark fylkeskommune	Fylkesrådet	24.11.2014
Sør- Trøndelag fylkeskommune	Fylkesutvalget	25.11.2014
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkesutvalget	17.11.2014
1. gong offentlig ettersyn		Nov. 2014 – 01.03.2015
Styringsgruppa		26.03.2015
Oppland fylkeskommune	Fylkesutvalget	23.06.2015
Hedmark fylkeskommune	Fylkesrådet	29.06.2015
Sør- Trøndelag fylkeskommune	Fylkesutvalget	23.06.2015
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkesutvalget	29.06.2015
2. gong offentlig ettersyn		06.07.2015 - 15.09.2015
Oppland fylkeskommune	Fylkesutvalget	12.04.2016
	Fylkestinget	19.04.2016
Hedmark fylkeskommune	Fylkesrådet	30.03.2016
	Fylkestinget	19.04.2016
Sør- Trøndelag fylkeskommune	Fylkesutvalget	12.04.2016
	Fylkestinget	27.04.2016
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkesutvalget	15.03.2016
	Fylkestinget	11.04.2016
Kommunal- og moderniseringsdepartementet		25.07.2017

Føreord

Forslag til Regional plan for Dovrefjellområdet er utarbeidd i samarbeid mellom fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Oppland, Møre og Romsdal og Hedmark, samt dei berørte kommunene Oppdal, Rennebu, Dovre, Lesja, Sunndal, Rauma, Nesset, Tynset, Alvdal og Folldal.

Det har tidlegare vore utarbeidd ein Fylkesdelplan for Dovrefjellområdet, fyrste gong godkjend i 2002. Ei rullering av fylkesdelplanen vart godkjend av Miljøverndepartementet i mars 2009, og då under føresetnad av ein snarleg **revisjon** for å fastsette grenser for det nasjonale villreinområdet, etter ein oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for villrein i planområdet.

Arbeidet med eit planprogram tok til seint i 2011, og planprogrammet vart fastsett av Miljøverndepartementet i 02.10.2013. Arbeidet med planforslaget har pågått sidan.

Arbeidet er koordinert av ei eiga styringsgruppe med Nasjonalparkstyret for Dovrefjell og i tillegg to medlemmar frå Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø:

Part	Medlem	Vara
Dovre kommune	Bengt Fasteraune	Inger Lise Vorkinn
Folldal kommune	Møyfrid Brendryen	Egil Eide
Lesja kommune	Steinar Tronhus	Hanne Alstrup Velure
Nesset kommune	Rolf Jonas Hurlen	Audhild Nauste
Oppdal kommune	Ola Røtvei	Heidi Pawlik Carlson
Rauma kommune	Magnhild Vik	Arne Hop
Sunndal kommune	Ståle Refstie	Janne Merete R. Seljebø
Tynset kommune	Merete Myhre Moen	Bersvend Saibu
Hedmark fylkeskommune	Gunn Randi Fjæstad	Arnfinn Nergård
Møre og Romsdal fylkesk.	Toril Melheim Strand	Steinar Reiten
Oppland fylkeskommune	Aud Hove	Lasse Lehre
Sør-Trøndelag fylkesk.	Arne Braut	Hanne Moe Bjørnbet
Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø	Marit Rolstad	
Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø	Britt Marit Ståland	
Fylkesmannen i Hedmark	Tom Hjemseteren (observatør)	
Fylkesmannen i Møre- og Romsdal	Bjarne Otnes (observatør)	
Fylkesmannen i Oppland	Marit Vorkinn (observatør)	
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Stein-Arne Andreassen (observatør)	

Også Bjørn Rangbru frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har bidrege i planarbeidet. Det er etablert ei eiga faggruppe til støtte for planarbeidet, med medlemmar frå kommunane og berørte brukarinteresser.

Fylkeskommunane sine medarbeidarar har delteke i planarbeidet:

- Jon Halvor Midtmageli, Oppland fylkeskommune
- Hanne Thingstadberget, Hedmark fylkeskommune
- Tove Gaupset, Sør-Trøndelag fylkeskommune
- Johnny Loen, Møre og Romsdal fylkeskommune

I planprosessen er det halde 35 møte med kommunar, opne møte, partsmøte, møte i faggruppe, prosjektgruppe og styringsgruppe. Trond Stensby (frikjøpt frå Lesja kommune) har vore prosjektleder.

Planforslaget har vore på 2 offentlege ettersyn, høvesvis vinteren 2014/-15 og hausten 2015.

Innhald

Føreord	3
1. Innleiing	5
1.1 Målet med planarbeidet.....	5
1.2 Om regional plan	6
1.3 Om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova	7
1.4 Miljøverndepartementet sitt bestillingsbrev (12.04.2007) og andre føringar frå departementet....	8
1.5 Andre statlege og regionale føringar.....	9
2. Planområdet	11
2.1. Plangrensa	11
2.2. Hovudinnhald i den regionale planen	12
2.3 Verneområde.....	14
2.3.1 Verneplan for Hjerkinnskytefelt	14
3 Konsekvensutgreiing.....	16
3.1 Generelt.....	16
3.2 Kunnskapsgrunnlaget	16
3.3 Landbruk.....	17
3.4 Næringsutvikling, lokal økonomi, utbygging	17
3.5 Lokaldemokrati og identitet	18
3.6 Forsvaret.....	18
3.7 Friluftsliv	18
3.8 Kulturminne.....	18
3.9 Naturmangfald.....	19
3.10 Landskap.....	19
3.11 Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon.....	19
3.12 Småkraftverk	19
3.13 Uttak av mineral og lausmassar	20
3.14 Samferdsel.....	20
3.15 Samfunnstryggleik	20
3.16 Miljørettsprinsippa	20
4.17 Samla vurdering av konsekvensane	21

1. Innleiing


1.1 Målet med planarbeidet

Regional plan for Dovrefjellområdet er tredje generasjons plan for dette området. Den fyrste planen vart godkjend ved kronprinsregentens res. av 03.05.2002. Gjeldande Fylkesdelplan for

Dovrefjellområdet vart godkjend av Miljøverndepartementet i brev av 05.03.2009.

Miljøverndepartementet stilte i godkjeningsbrevet krav om ein snarleg revisjon av planen for å få fastsett grensene for det nasjonale villreinområdet.

Rammer for planarbeidet er lagt i Planprogram for Regional plan for Dovrefjellområdet, fastsett av Miljøverndepartementet i brev dagsett 02.10.2013.



Figur 1. Inndeling av villreinområde i Norge

Med bakgrunn i eit større utgreiingsarbeid, «Villrein og samfunn» (VISA), har Stortinget i behandling av Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) slutta seg til at det for å sikre villreinen varige leveområde blir utarbeidd regionale planar for dei 9 største villreinområda i landet. Desse villreinområda skal ha status som nasjonale villreinområde (NVO):

- Setesdal Ryfylke,
- Setesdal Austhei,
- Hardangervidda,
- Nordfjella,
- Ottadalsområdet,
- Rondane, Sølnekletten,
- Snøhetta,
- Knutshø,
- Forollhogna.

Vidare er det sagt at fleire av dei nasjonale villreinområda skal inngå i to "europeiske villreinregioner" som speglar villreinbestandane si innvandringshistorie.

Europeisk villreinregion nord skal bestå av dei nasjonale villreinområda:

- Rondane,
- Snøhetta,
- Knutshø og
- Sølnekletten.

Europeisk villreinregion sør skal bestå av dei nasjonale villreinområda:

- Setesdal Ryfylke,
- Setesdal Austhei,
- Hardangervidda og
- Nordfjella.

Planarbeidet skal ta utgangspunkt i ein oppdatert kunnskap om villreinen i planområdet. Det har vi fått i *NINA-rapport 800 Villreinen i Snøhetta og Knutshø – status og leveområde (NINA 2012)*. Rapporten viser:

- Ei ytre biologisk fundert leveområdegrense (BFL)
- Heilårsbeite
- Barmarksbeite
- Kalvingsområde
- Trekkområde
- Kulturminne relatert til fangst på villrein.

Hovudmålet for planarbeidet er fastsett gjennom Miljøverndepartementets bestillingsbrev (jf. avsnitt 2.3): *“Fylkesdelplanen (vår merknad: den regionale planen) skal fastlegge en langsiktig og helhetlig strategi for arealforvaltningen i planområdet. Planen skal forene målene om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om en helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikring av villreinens leveområder.”*

Planarbeidet har følgjande **delmål**:

- Villreinen i dei to villreinområda Snøhetta og Knutshø skal sikrast tilstrekkelege leveområde for å oppretthalde ein levedyktig bestand, i eit langsiktig perspektiv.
- I planarbeidet skal ein i tillegg vurdere bruken av operative mål for å ivareta viktige funksjonsområde i villreinområda og den europeiske villreinregionen.
- Kommunar, grunneigarar og næringsliv skal gis føreutsettelege rammer for si utvikling innanfor planområdet.
- Planen skal sikre ein konsekvent behandling av planforslag innan ulike deler av planområdet.

1.2 Om regional plan

Føresegner om *regional plan* er behandla i plan- og bygningslova kap. III.

I plan- og bygningslova §8-1 heiter det:

«Regional planmyndighet skal utarbeide regionale planer for de spørsmål som er fastsatt i den regionale planstrategien.

Kongen kan gi pålegg om å utarbeide regional plan for bestemte virksomhetsfelt, tema eller geografiske områder og gjennom forskrift fastsette nærmere bestemmelser om innhold, organisering og om planen skal godkjennes av Kongen.

Til regional plan skal det utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen.

Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.»

Vidare gjev plan- og bygningslova at godkjenning av regionale planar som hovudregel skal skje etter vedtak gjort av regional planmyndigheit, dvs. fylkestinget. I saker der statlige myndigheiter har vesentlege innvendingar ut frå sine interesser, kan dei be departementet foreta nødvendige endringar. Også kommunar som blir direkte berørt av planen kan krevje at saka blir lagt fram for departementet. Departementet kan i tillegg på eige initiativ, viss det er nødvendig for å ivareta nasjonale interesser, foreta endringar i ein regional plan.

1.3 Om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova stiller særlege krav til saksbehandling, dokumentasjon og vurdering av planer og tiltak etter plan- og bygningsloven.

Regional plan er heimla i plan- og bygningslovens kapittel 8, § 8-1 til § 8-4. Kravet til konsekvensutredning er hjemlet i § 8-3, tredje ledd. «Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2, andre ledd.»

§ 4-2, andre ledd sier: «For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning- av planens virkninger for miljø og samfunn.»

Dette innebærer at oversiktsplaner som avklarar hovudgrepene i den fremtidige arealbruken omfattes av kravet om konsekvensutredninger. Konsekvensutredningen skal utarbeides på grunnlag av fastsatt planprogram, jf. § 4-1, og gi en beskrivelse og vurdering av planens konsekvenser for miljø og samfunn på et overordnet regionalt nivå. For regionale planer med lav detaljeringsgrad vil det særleg være virkningene av foreslåtte utbyggingsstrategier og av de samlede virkningene av planens arealendringer som vil måtte utredes. Det skal vurderes og beskrives hvordan forslag til retningslinjer eller rammer som omfatter utbygging vil påvirke miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap, og nødvendig oppdatering av denne. Der kor slik kunnskap ikkje føreligger om viktige forhold skal de i nødvendig grad innhentas ny kunnskap (jf. § 9 i Forskrift om konsekvensutredninger).

Konsekvensutgreiinga tar utgangspunkt i det fastsatte planprogrammet og gjev ei omtale og vurdering av planen sine konsekvensar for relevante miljø- og samfunnstema. Den regionale planen er ein overordna plan som i ikkje tek stilling til konkrete nye utbyggingsområde. Fokuset i konsekvensutgreiinga er på heilskapen i arealsonering og retningslinjer for arealbruk innanfor disse sonene. Avgrensninga av nasjonalt villreinområde og konsekvensane for villrein er viktig.

I konsekvensutgreiinga skal det gjevast ei vurdering eit «0-alternativ» dvs. ein uendra situasjon som no, og konsekvensane av planforslaget. Det skal også leggjast fram forslag til avbøtande tiltak.

I tillegg stiller naturmangfoldlova § 7 krav om vurdering av konsekvensane for økosystem, naturtypar og arter (miljørettsprinsippa), jf. naturmangfoldlova §§ 8-12. Dette gjeld:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- «Føre var»-prinsippet (§ 9)
- Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)
- Kostnader ved redusert miljøkvalitet skal berast av tiltakshavar (§ 11)
- Bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).

1.4 Miljøverndepartementet sitt bestillingsbrev (12.04.2007) og andre føringar frå departementet

Miljøverndepartementet følgde opp Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) med et bestillingsbrev til fylkeskommunane i april 2007. I bestillingsbrevet ber departementet om at det blir utarbeidd fylkesdelplanar (vår merknad: regionale planar) for ei heilskapleg forvaltning av fjellområda som er spesielt viktige for villreinen si framtid i Norge.

Som nemnd innleiingsvis seier Miljøverndepartementet i brevet at hovudføremålet med planlegginga *”er å komme fram til en langsiktig og helhetlig strategi for forvaltningen av prioriterte fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge. Planene skal forene målene om lokal omstilling og utvikling med nasjonale mål om en helhetlig forvaltning av fjellområdene og sikring av villreinens leveområder”*.

Bestillingsbrevet frå Miljøverndepartementet gir også ein del føringar for form og innhald i planen:

”Planene bør oppfylle følgende kriterier:

- *Tilstrekkelige arealer utenfor villreinens leveområde må inngå i planområdet, slik at det kan foretas en helhetlig og samlet avveining av de ulike brukerinteresser.*
 - *Det bør utarbeides konkrete strategier for bl.a. avgrensning av fritidsbebyggelse og reiselivsbygg, på tvers av kommune- og fylkesgrenser.*
 - *For å gi klare og entydige rammer for den kommunale arealplanlegging, er det viktig at omfang og lokalisering av framtidig utbygging konkretiseres på kart og i retningslinjer.*
 - *Det skal legges vekt på å unngå oppsplitting av de nasjonale villreinområdene.*
 - *Det skal fokuseres på å opprettholde og utbedre mulighetene for vandring og utveksling av villrein mellom tilstøtende nasjonale villreinområder innenfor de europeiske villreinregionene.*
 - *Det skal avklares omfang og lokalisering av virksomhet og tiltak i influensområdet til de nasjonale villreinområdene. I planvurderingene bør en ta utgangspunkt i eksisterende utbygging og infrastruktur. Potensialet for verdiskaping som ligger i videreutvikling av kulturmiljøer og eksisterende tettsteder/bygdesentra bør vurderes grundig.*
- Det skal kartfestes en klar grense for de nasjonale villreinområdene hvor ny utbygging bør unngås. I tillegg må det gjøres en avgrensning mellom randområdet, der utbygging, ferdsel og annen aktivitet vil kunne påvirke leveområdet direkte, og bygdenære områder, der slik direkte påvirkning er mindre framtreddende.”***

På møte i Miljøverndepartementet 20.08.07 ble det avklart at fylkesdelplanane (regionale planar) **ikkje skal fastsette et konkret utbyggingsnivå**. Departementet meiner at ein slik detaljeringsgrad først skal skje ved utarbeiding av kommunedelplanar.

Miljøverndepartementet har i brev av 2. april 2008 føreteke ei presisering i forhold til ivaretaking av villreininteressene i planprosessane. Departementet peikar på at det er fleire aktørar som har interesser når det gjelder villrein, bl.a. villreinutval og grunneigarorganisasjonar, **men at det er villreinnemndene som er tildelt ansvaret for å sjå til at nasjonale villreininteresser blir ivareteke og følgd opp på regionalt nivå**.

Miljøverndepartementet har i brev dagsett 11.04.11 presisert at det i arbeidet med dei regionale planane for villreinområda m.a. skal vurdere omsynet til naturvern og naturmangfald, og då særleg vurdering etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 -12, jf. § 7.

1.5 Andre statlege og regionale føringar

Vi refererer her dei viktigaste statlege og regionale styringsdokumenta som berører denne regionale planen:

- **St.meld. nr.. 21 (2004-2005): Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand**

I St.meld. nr.. 21 (2004-2005) er det å sikre villreinens leveområde satt opp som eit nasjonalt resultatmål. I Stortingsmeldinga **signaliserer regjeringa at den vil gje villreinområde som er spesielt viktige for arten si framtid i Norge** status som *"Nasjonale villreinområder"*. Avgrensing og innhald skal avklarast gjennom regionale planprosessar.

- **St.meld. nr. 26 (2006-2007) – Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand**

Signala frå tilsvarande stortingsmelding i 2004-2005 blir følgd opp: *"Regjeringa vil vidareføre arbeidet for å bevare nødvendige leveområde for villrein. Dette inneber blant anna at kunnskapsgrunnlaget om villreinens leveområde vil bli forbetra. Regionale planprosessar skal avklare spørsmål om avgrensing og innhald knyttet til det enkelte område."*

- **"Destinasjon Norge" Regjeringens reiselivsstrategi (april 2012)**

Frå her har vi henta følgjande: *«Kombinasjonen av storslått natur og kulturarv i landskapet utgjør et viktig fundament og fortrinn for reiselivsnasjonen Norge. Regjeringen vil forsterke satsingen på natur- og kulturarvbasert reiseliv. Norsk natur er i særklasse og en hovedårsak til at mange velger Norge som reisemål. Potensialet for verdiskaping basert på natur og kultur er derfor stort.*

Verdensarvområder, fjordlandskapet og andre kulturlandskap langs kysten og innlandet, nasjonalparker og andre naturområder, fugle- og dyrelivet og den arktiske naturen er eksempler på områder som sammen med mat- og bygningskultur representerer store opplevelsesverdier.»

- **Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområde**

En interdepartemental arbeidsgruppe har lagt fram et forslag til handlingsplan som har vært ute på høring. Rapporten peiker på viktige utfordringar for den framtidige forvaltninga av verneområda. For å løyse desse utfordringane blir det føreslege ei rad med tiltak som m.a. styrka forvaltning, en større grad av *"adaptiv"* forvaltning og tiltak retta mot lokalsamfunn, lokale og regionale myndigheiter. Handlingsplanen ligger nå i departementet for behandling.

- **Forvaltningsmodell for nasjonalparker og andre stor verneområde**

Det er etablert eit Nasjonalparkstyre for Dovrefjell med representasjon frå kvar kommune og kvar fylkeskommune, som har areal innanfor verneområda. Vidare er det tilsett to nasjonalparkforvaltarar. Desse er tilsett hjå Fylkesmannen i Oppland, men underlagd nasjonalparkstyret i faglege og forvaltningsmessige spørsmål.

- **Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv**

Miljøverndepartementet kom i august 2013 ut med ein *«Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv»*.

- **Strategi for mineralnæringen**

Næringsdepartementet kom i mars 2013 med ein eigen strategi for mineralnæringa med følgjande hovudintensjon: *«Regjeringen ønsker at Norge skal være et attraktivt land å drive mineralvirksomhet i. Dette er bakgrunnen for at vi nå legger frem en strategi for mineralnæringen.»*

- **Regionale planstrategiar**

- Oppland fylkeskommune 2012-2016 (fylkestinget 19.06.2012)
- Hedmark fylkeskommune 2012-2015 (kgl.res. 24.05.2013)
- Sør-Trøndelag fylkeskommune 2012-2015 (Miljøverndepartementet 03.09.2013)
- Møre og Romsdal fylkeskommune 2012-2016 (Miljøverndepartementet 13.08.2013)

- **Stortinget: 23.03.1999 Sak: Regionalt skyte- og øvingsfelt for Forsvarets avdelinger på Østlandet - Regionfelt Østlandet.**

Vedtak 318: «Hjerkinn skytefelt legges ned i samsvar med pkt. 7.2 i St.meld. nr. 11 (1998-99) som ledd i en omfattende plan for utvidet vern av Dovrefjell gjennom Sunndalsfjella nasjonalpark, som forlengelse av Dovrefjell nasjonalpark, og landskapsområder vestover fra Rondane nasjonalpark, jf. Ny landsplan for nasjonalparker i St.meld. nr. 62 (1991-92).»

- **Miljøverndepartementet, brev dagsett 15.08.2013**

«Departementets konklusjon

Departementet trekker sin merknad til planprogrammet knyttet til Snøheimvegen, datert 4.oktober 2012. Vi ber om at videre regional omtale av Snøheimvegen avventer beslutningen om hva som skal skje med vege.»

- **Verneplan for Hjerkinn skytefelt, oppstartsmelding, Fylkesmannen i Oppland, 01.07.2013**
- **St.prp. 1S MD/FD 2014-2015, vedrørende Hjerkinn skytefeltet.**

St.prp. seier at forsøket med skyttelbuss til Snøheim skal halde fram t.o.m. 2017. På bakgrunn av erfaringane med forsøket skal det takast stilling til om vege skal oppretthaldast. St.prp. seier at andre vegar i skytefeltet «skal sanerast som føreset».

2. Planområdet

Planområdet er avgrensa med utgangspunkt i Snøhetta villreinområde og Knutshø villreinområde.

Planområdet omfattar areal i fylka Oppland, Hedmark, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal, innanfor dei 10 kommunane:

- Lesja
- Dovre
- Folldal
- Alvdal
- Tynset
- Rennebu
- Oppdal
- Sunndal
- Nesset
- Rauma.

I tabell 1. er det sett opp nokre arealtal for planområdet.

Tabell 1. Areal for planområdet

Type	km ²
1 Planområdet	7451
2 Biologisk leveområde (etter NINA-rapport 800)	
• 2.1 Snøhetta	3721
• 2.2 Knutshø	2067
• 2.3 Sum biologisk leveområde (etter NINA-rapport 800)	5788
3 Nasjonalt villreinområde (styringsgruppa 26.03.15)	
• 3.1 Snøhetta	3471
• 3.2 Knutshø	1753
• 3.3 Sum nasjonalt villreinområde (utkast)	5224
4 Buffersoner	379
5 Sum nasjonalt villreinområde og buffersoner	5603
6 Verneområde i planområdet (henssynsoner)	4569

2.1. Plangrensa

Plangrensa er lagt i eintydige element i landskapet. Grense er trekt vidt, for å sikre at alle areal som kan vera viktig for villreinen si overleving på lang sikt blir omfatta av planen. I tekst er plangrensa definert slik:

- Rauma frå E136 (Åndalsnes) til Lesjaskogsvatnet
- Gudbrandsdalslågen frå Lesjaskogsvatnet til Jore sitt utløp
- Jore til E136
- E 136 til E6 (Dombås)
- E6 til fylkesveg 29 (Hjerkin)
- fylkesveg 29 til riksveg 3 (Alvdal)
- riksveg 3 til Innset
- fylkesveg 508 frå Innset til E6
- E6 til E70 (Oppdal)
- E70 til Vinndøla - Vinndøla til Driva - Driva til fylkesveg 62 (Sunndalsøra)
- fylkesveg 62 til strandline Sunndalsfjorden

- strandline Sunndalsfjorden til fylkesveg 62
- fylkesveg 62 til fylkesveg 660 (Eidsvåg) – strandline Langfjorden til fylkesveg 64 (forbi Åfarnes)
- fylkesveg 64 til strandline Isfjorden
- strandline Isfjorden til Rauma sitt utløp (Åndalsnes).

Der planområdet grenser mot andre vedtekne regionale planar er det samanfallande plangrense mot desse planområda. Dette gjeld

- Regional plan for Rondane – Sølnekletten
- Regional plan for Forollhogna
- Regional plan for Ottadalsområdet.

2.2. Hovudinnhald i den regionale planen

Den regionale planen utgjer:

- Planomtale og konsekvensutgreiing. (A)
- Mål og retningslinjer. (B)
- Plankart. (C)
- Kunnskapsgrunnlag. (D)
- Handlingsprogrammet. (E)

Den regionale planen viser følgjande regionale soner:

- Nasjonalt villreinområde (Snøhetta NVO1, Knutshø NVO2)
 - Avgrensinga av området følgjer i store trekk biologisk fundert leveområdegrense (BFL) frå NINA-rapport 800 (NINA 2012)
 - Avvik frå BFL:
 - I området Myrin – Anderbergshø fordi villreinen i liten grad nyttar området og at dette er eit område med hyttebygging, som også har verdi som lokalt friluftsområde på Lesja.
 - Hjerkin – utbygde område i tilknytning til tidlegare gruvedrift og forsvaret sine bakkeaktivitetar.
 - Kvitdalen – Dalholen. Villreinen nyttar dette område i liten grad, samstundes som området har verdi for landbruk og organisert ferdsel.
 - Savalen og områda aust for Savalen – område med barmarksbeite, ligg som ei øy i barskogen, ikkje viktig som leveområde for villrein.
 - Sæterfjellet – lagt ut til område for råstoffutvinning i Kommunedelplan for Oppdal.
 - Dindalen aust- område med aktiv sæterdrift og turisthytta Dindalshytta.
 - Finsetlia – området godkjend av departementet for alpinanlegg i Kommunedelplan for Nesset.
 - Verma – godkjend reguleringsplan for hyttebygging.
 - Fjellgardane og Grødalen
- Buffersoner (BS1-BS14)
 - Buffersoner er lagt ut der det er avvik frå BFL for å retningslinjer for arealbruk og ferdsel slik at dette ikkje påverkar villreinen sin bruk av NVO. Gjeld BS1 – BS7, og BS14 og BS15.
 - Andre område der topografien ikkje legg hindringar for utbygging innåt eller ferdsel inn i NVO. Gjeld BS8- BS13.
- Bygdenære område (BO) er område utan betydning for villreinen sin bruk NVO.

Det er utarbeidd mål og retningslinjer for dei ulike regionale sonene.

Arealbruken i Hjerkin skytefelt vil bli avklart i ein verneplan etter naturmangfaldlova. Arbeidet med verneplanen er sett i gang, og Fylkesmannen i Oppland er ansvarleg for denne prosessen.

Planområdet er lagt ut til:

SOSI-kode	Sonenavn	Delareal daa	Sum areal daa
5100	BO	1844424	1844424
3035	BS1	210588	389689
3035	BS2	25198	
3035	BS3	86774	
3035	BS4	8641	
3035	BS5	6275	
3035	BS6	476	
3035	BS8	5914	
3035	BS9	4920	
3035	BS10	4760	
3035	BS11	5950	
3035	BS12	1145	
3035	BS12	1581	
3035	BS13	710	
3035	BS14	9252	
3035	BS15	11841	
3035	BS15	5664	
3033	NVO1	3464333	3464333
3033	NVO2	1752840	1752840
Sum			7451286

2.3 Verneområde

I tabell 2 er det gjeve ein oversikt over område verna etter naturmangfaldlova (tidlegare naturvernlova o.a.):

Tabell 2. Verneområde etter naturmangfaldlova (nml) eller viltlova (vl) i planområdet for Regional plan for Dovrefjellområdet.

Område	Lovverk	Kommunar	Areal km ²
Dovrefjell - Sunndalsfjella nasjonalpark	nvl	Dovre, Lesja, Nesset, Sunndal, Oppdal	1699
Knutshø landskapsvernområde	nvl	Tynset, Folldal, Dovre, Oppdal	910
Dalsida landskapsvernområde	nvl	Lesja, Rauma, Nesset	648
Eikesdalsvatnet landskapsvernområde	nvl	Rauma, Nesset, Sunndal	471
Åmotan – Grøvdalen landskapsvernområde	nvl	Sunndal, Oppdal	154
Drivdalen, Kongsvoll, Hjerkin landskapsvernområder	nvl	Dovre, Oppdal	57
Fokstugu landskapsvernområde	nvl	Dovre, Lesja	79
Jora landskapsvernområde	nvl	Lesja	50
Åmotsdalen landskapsvernområde	nvl	Oppdal	13,4
Romsdalen landskapsvernområde	nvl	Rauma, Norddal	136
Sandgrovbotn – Mardalsbotn biotopvernområde	vl	Rauma, Nesset	142
Torbudalen biotopvernområde	vl	Nesset, Sunndal	94
Jutneset naturreservat	nvl	Nesset	2,063
Hjerkinholen naturreservat	nvl	Dovre	1,697
Svarthaugen naturreservat	nvl	Folldal	1,567
Bjørndalen naturreservat	nvl	Folldal	2,026
Meløyfloen naturreservat	nvl	Folldal	5,104
Einunndalsranden naturreservat	nvl	Folldal	0,203
Sørsjøen naturreservat	nvl	Tynset	3,049
Stakkengfonna naturreservat	nvl	Nesset	0,509
Slettsvaet naturreservat	nvl	Rauma	1,159
Nordre Snøfjelltjørn naturreservat	nvl	Oppdal	2,9
Flåman naturreservat	nvl	Folldal, Dovre, Oppdal	29
Fokstumyra naturreservat	nvl	Dovre	17
SUM			46

Områda blir forvalta etter eigne verneforskrifter, forvaltingsplanar og skjøtselsplanar for det enkelte området. Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for det enkelte området.

2.3.1 Verneplan for Hjerkinnskytefelt

Fylkesmannen i Oppland har i oppstartsmelding dagsett 01.07.2013 varsla oppstart av verneplanarbeid for Hjerkinnskytefelt etter naturmangfaldlova § 42, 1. ledd. Av fylkesmannen si oppstartsmelding går det fram at følgjande lovføresegner/retningsliner vil gjeld fram til verneplanprosessen er fullført:

«Behandling av søknader om tillatelse (naturmangfoldloven § 44, 1. ledd)

Når verneplanarbeidet er kunngjort kan et forvaltingsorgan (f.eks. kommunen) uten vidare avslå en søknad om tillatelse til et tiltak i et område som inngår i verneforslaget (f.eks. søknad om bruk av snøskuter etter motorferdselloven, eller byggesøknad etter plan- og bygningsloven). Det ligger i dette at begrunnelsen for avslaget kan bestå i en henvisning til vernearbeidet. Dette er ikke til hinder for at saken

kan behandles fullt ut, men skal hindre at det gis en tillatelse som går på tvers av vernearbeidet. Det heter i loven at "tillatelse kan bare gis dersom tiltaket er uten nevneverdig betydning for forslaget". I tilfeller der det er vanskelig for sektormyndigheten (f.eks. kommunen) å avgjøre hvorvidt et tiltak kan virke inn på verneverdiene, bør saken forelegges vernemyndigheten (i dette tilfellet Fylkesmannen i Oppland). Dette følger av forvaltningens generelle utredningsplikt.

Innføring av meldeplikt (naturmangfoldloven § 44, 2. ledd)

Miljøvernepartementet kan fastsette meldeplikt for tiltak som ikke trenger tillatelse etter annen lov, enten samtidig med eller etter kunngjøring av at verneplanarbeidet igangsettes. Slik meldeplikt kan f.eks. gjelde ulike typer organisert ferdsel og motorferdsel som ikke trenger tillatelse fra kommunen etter motorferdselloven. Meldeplikten kan gjøres generell eller begrenses til visse tiltak eller områder. På denne måten kan vi få oversikt over hvilken belastning ulike deler av området har til ulike tider på året og bedre grunnlag for å vurdere om det er behov for tiltak av hensyn til verneverdier. Meldeplikt betyr ikke at det må sendes søknad om å gjennomføre tiltak, men det kan settes krav om at tiltaket ikke kan settes i verk før en viss tid etter at melding er gitt. Innføring av meldeplikt kunngjøres på samme måte som verneforslaget.

Innføring av midlertidig vern (naturmangfoldloven § 45)

Naturmangfoldloven åpner for at departementet kan innføre midlertidig vern, dersom det er nødvendig for å hindre skade på verneverdier. Overfor private grunneiere og rettighetshavere som blir berørt av vedtaket, gjelder forvaltingslovens regler om enkeltvedtak.

Ferdelsrestriksjoner pga. eksplosivrydding

Eksplosivrydding har vært og vil være en sentral aktivitet i Forsvarsbygg sitt tilbakeføringsarbeid, helt fram til planlagt avslutning i 2020. I den perioden eksplosivryddingen pågår er sikkerhetsrestriksjoner og ferdelsforbud i terrenget rundt pågående aktivitet nødvendig. Restriksjonsnivået vil variere fra år til år, avhengig av hvor ryddearbeidet pågår. For 2013 er det ferdelsrestriksjoner i ulike områder fra og med 3. juni til og med 8. november (se www.forsvarsbygg.no/hjerkin).»

3 Konsekvensutgreiing

3.1 Generelt

Plan- og bygningslova stiller særlege krav til saksbehandling, dokumentasjon og vurdering av planer og tiltak etter plan- og bygningsloven.

Kravet til konsekvensutredning er lagd i § 8-3, tredje ledd. «*Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkningar for miljø og samfunn, jf. § 4-2, andre ledd.*»

I tillegg stiller naturmangfoldlova § 7 krav om vurdering av konsekvensane for økosystem, naturtypar og arter (miljørettsprinsippa), jf. naturmangfoldlova §§ 8-12.

3.2 Kunnskapsgrunnlaget

Eit viktig premis for dette planarbeidet er at det var godkjend fylkesdelplan for området i 2002 og i 2009, og at det er eit godkjend kunnskapsgrunnlag i botn for desse planane. Dette er også knytt til utgreiingar gjort i samband med verneplanprosessen for Dovrefjell og Sunndalsfjella.

Miljøverndepartementet peikte i sitt godkjenningsbrev av 05.03.2009 likevel på at kunnskapsgrunnlaget for villrein ikkje var godt nok. Dette er no på plass gjennom *NINA-rapport 800 Villreinen i Snøhetta og Knutshø – status og leveområde*. I tillegg har ein fått samlerapporten Horisont Snøhetta som eit resultat av eit større FoU-prosjekt i tilknytning nedlegging av Hjerkinnskytefelt og spørsmål om framtidig bruk av området.

Elles er det nytta følgjande kunnskapskjelder i planarbeidet:

- Møte med kommunar og berørte partar
- Statistisk Sentralbyrå
- Askeladden (Riksantikvaren si kartteneste/database for kulturminne)
- Naturbase (Miljødirektoratet si kartteneste/database for naturverdiar)
- Vegkart frå vegvesen.no
- ATLAS (NVE si kartteneste/database).
- KILDEN (Skog og Landskap si kartteneste/database).

I planomtalen er det gjeve ei framstilling av relevante fagtema i tråd med planprogrammet fastsett av Miljøverndepartementet oktober 2013. Det er såleis på plass eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for utarbeiding og behandling av Regional plan for Dovrefjellområdet.

3.3 Landbruk

Status	I planområdet er 382490 daa dyrka mark. Det er organisert beitebruk på 5303 km ² . Talet på beitedyr i 2012 var 66182 sau og lam, samt 2134 storfe. Sauetalet er 17,12 pr km ² . Det er ca. 65 sætrar i drift, mot nærere 1000 når sætringa hadde sitt største omfang. Ca. 2000 personar, eller 18 % av dei sysselsette i kommunane i planområdet, er sysselsett i landbruket med ringverknader.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Utviklinga i landbruket vil følgje generelle trender og rammevilkår for landet.
Konsekvensar av planen	Det blir ikkje lagt restriksjonar på landbruksdrift eller –tiltak. Tilleggsnæringar kan bli underlagd ei strengar vurdering ift. konsekvensane for villrein i NVO og buffersoner.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.4 Næringsutvikling, lokal økonomi, utbygging

Status	Den økonomiske veksten i kommunane i planområdet er mindre enn for landet elles. Folketalet i planområdet går ned, og ein større del av folkesetnaden er busett i regionsentra. Talet på sysselsette har gått ned i kommunane i planområdet frå 2008 til 2012. Andelen av sysselsette i privat sektor går ned. Hyttebygging og reiseliv er viktige næringar i planområdet. Talet på fritidsbustader i planområdet er 5453. I perioden 2000 – 2012 auka talet på fristidsbustader i planområdet med 1018 einingar.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Trendane i samfunnsutviklinga og den økonomiske utviklinga vil framleis vera gjeldande.
Konsekvensar av planen	Restriksjonar på arealbruken vil i nokon grad redusere lokalsamfunna sitt økonomiske handlingsrom og t.d. val av alternative utbyggingsområde. Noko som kan gje mindre negative konsekvensar ved at trendane i planområdet blir forsterka. Buffersoner og bygdenære område er planen likevel lagt til utbygde område med busetting og økonomisk aktivitet, slik at konsekvensane for næringsutvikling av planforslaget ikkje blir nemneverdige.
Avbøtande tiltak	Utnytte og forsterke innsatsen for samfunns- og næringsutvikling. Utarbeide målretta og fleksible arealplanar i dei bygdenære områda.

3.5 Lokaldemokrati og identitet

Status	Kommunane er planstyresmakt for sine område. Innbyggjarane i planområdet har ein identitet, og eit «eigarskap» knytt til sine område.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Kommunane kan forvalte sine område i tråd med gjeldande fylkesdelplan.
Konsekvensar av planen	Kommunen sitt handlingsrom som planstyresmakt blir litt innskrenka ift. gjeldane fylkesdelplan. Innbyggjarane kan i nokon grad oppleve at identitet og «eigarskap» blir redusert gjennom planprosessen.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.6 Forsvaret

Status	Forsvaret har installasjonar og aktivitet på Snøhetta, ved Snøheim og i tilknytning heimevernet.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Forsvaret si verksemd held fram som før.
Konsekvensar av planen	Forsvaret si verksemd held fram som før.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.7 Friluftsliv

Status	Planområdet har eit omfattande friluftsliv med anlegg, tilrettelegging og ferdsel knytt til fotturar, skiturar, jakt og fiske, fjellklatring, kiting, elvesport, basehopping, sykling, hundekjøring, bruk av hest, jakthundprøver og tematisk friluftsliv.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Friluftslivet kan halde fram som før i tråd med gjeldande fylkesdelplan.
Konsekvensar av planen	Tilrettelegging av friluftaktivitetar i buffersonene skal kanalisere ferdsla bort frå NVO. Dette kan i enkelte tilfelle gje reduserte valmoglegheiter for ulike aktørar innan friluftslivet, men er likevel i hovudsak basert på friviljuge ordningar.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.8 Kulturminne

Status	I planområdet er det registrert 4829 kulturminne/kulturminnelokalitetar, 7829 SEFRAK-registrerte bygningar og 240 vedtaksfreda bygningar og anlegg.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Kulturminna blir forvalta i tråd med gjeldande fylkesdelplan.
Konsekvensar av planen	Den regionale planen vil føreslå tiltak i handlingsprogrammet for skjøtsel, tilrettelegging og informasjon.
Avbøtande tiltak	Skjøtselsplanar for enkelte lokalitetar, og nye kartleggingar.

3.9 Naturmangfald

Status	I planområdet er det registrert 11 kritisk truga artar, 52 sterkt truga artar og 142 sårbare artar. Det to villreinområde i planområdet med levedyktige bestandar i god kondisjon. Leve- og funksjonsområda for villrein er under press som følgje av store naturinngrep og menneskeleg ferdsel. 4569 km ² er verna (vist som henssynsoner) etter naturmangfaldlova og tidlegare lovar.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Naturmangfald og villreinen sine leveområde vil bli forvalta i tråd med gjeldande fylkesdelplan. Verneområda blir forvalta etter gjeldande verneforskrifter.
Konsekvensar av planen	Forvaltning av villreinen vil skje med grunnlag i ein oppdatert kunnskap om villreinen sin arealbruk og bestandssituasjon. Verneområda blir forvalta etter gjeldande verneforskrifter. Dalsida er lagt ut som buffersone, men retningslinene er i tråd med gjeldande fylkesdelplan og arealdel for kommuneplan for Lesja frå 19.12.2013. Store og varige naturinngrep på Dalsida, etablert for rundt 60 år sidan, har skipta reinstrekket over områda ved Aursjøen. Det er ikkje noko realistisk plan for å reetablere dette reinstrekket, og planforslaget vil derfor ikkje ha konsekvensar for villreinen sin arealbruk i dette området.
Avbøtande tiltak	Følgje med i villreinen sin arealbruk og bestandsutvikling.

3.10 Landskap

Status	Landskapet i planområdet består av 8 hovudregionar med i alt 14 underregionar.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Landskapet vil bli forvalta i tråd med gjeldande fylkesdelplan. Attgroing av natur- og kulturlandskapet vil halde fram.
Konsekvensar av planen	Den regionale planen føreslår ikkje tiltak som vil endre landskapet. Attgroing av natur- og kulturlandskapet vil halde fram.
Avbøtande tiltak	Skjøtsel og landskapspleie på prioriterte lokalitetar.

3.11 Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon

Status	I planområdet er det regulerte nedbørsfelt/kraftkonsesjonar i Aura-, Grytten-, Einnuna- og Orklavassdraget, med tilhøyrande nett.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Drift av kraftanlegga er styrt av offentlege konsesjonar.
Konsekvensar av planen	Drift av kraftanlegga er styrt av offentlege konsesjonar.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.12 Småkraftverk

Status	Det er berre eit fåtall planar for utbygginga småkraftverk.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Godkjenning av planar om utbygging og drift av småkraftverk skjer etter plan- og bygningslova og vassressurslova.
Konsekvensar av planen	Godkjenning av planar om utbygging og drift av småkraftverk skjer etter plan- og bygningslova og vassressurslova.

Avbøtande tiltak	Ingen.
------------------	--------

3.13 Uttak av mineral og lausmassar

Status	Det er i rad mindre masseuttak til lokale veg- og byggjeføremål. På Sæterfjellet eit område sett av til framtidig uttak av skifer. Området er bandlagd med krav om utarbeiding av reguleringsplan, og delar av området er regulert.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Uttak av mineral og lausmassar vil skje etter gjeldande fylkesdelplan.
Konsekvensar av planen	Den regionale planen legg ikkje opp til restriksjonar i eksisterande uttak, eller godkjende planar om uttak.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.14 Samferdsel

Status	Eit omfattande nett av offentleg og private vegar, og jernbaner går gjennom planområdet.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Bruk av vegnettet vil skje i tråd med gjeldande fylkesdelplan, og forvaltingsregime for verneområde og Hjerkinnskytefelt.
Konsekvensar av planen	Bruk av vegnettet vil skje i tråd med gjeldande fylkesdelplan, og forvaltingsregime for verneområde og Hjerkinnskytefelt.
Avbøtande tiltak	Ingen

3.15 Samfunnstryggleik

Status	Det er m.a. risiko for større hendingar som skadeflaum, lausmasseskred, snøskred og trafikkulukker i planområdet.
Konsekvensar av «0-alternativet»	Samfunnstryggleiken kan ivareta i tråd med gjeldande fylkesdelplan.
Konsekvensar av planen	Den regionale plan vil ikkje legge føringar som påverkar samfunnstryggleiken.
Avbøtande tiltak	Ingen.

3.16 Miljørettsprinsippa

Forholdet til miljørettsprinsippa, jf. naturmangfaldlova § 7 er vurdert tabell 3.

Tabell 3. Vurdering av tiltaket etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12

§§	Relevans	Vurdering
8. (kunnskapsgrunnlaget)	Ja	Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert gjennom NINA-rapport nr 800 og Naturbase, og tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane av planen.
9. (føre-var-prinsippet)	Ja	I kunnskapsgrunnlaget er det gjort greie for nokre trugsmål mot villreinen sine leveområde. Poenget med den regionale planen er i nokon grad å vera «føre-var» m.t.p. presset mot villreinen sine leveområde.
10. (økosystemtilnærming og samla belastning)	Ja	I kunnskapsgrunnlaget er det gjort greie for nokre trugsmål mot høgfjellsøkosystemet. Poenget med den regionale planen er å redusere omfanget og konsekvensane av desse trugsmåla.
11. (kostnadene ved miljøforringels skal bæres av	Nei	

tiltakshaver)		
12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)	Nei	

4.17 Samla vurdering av konsekvensane

Dei samla vurderinga av konsekvensane byggjer på sju-delt gradering:

- Sterkt positive konsekvensar
- Positive konsekvensar
- Svakt positive konsekvensar
- Ingen konsekvensar
- Svakt negative konsekvensar
- Negative konsekvensar
- Sterkt negative konsekvensar.

Ei samla vurdering av konsekvensane er vist tabell 4.

Tabell 4. Konsekvensar av Regional plan for Dovrefjellområdet.

Tema	Konsekvensar av «0-alternativet)	Konsekvensar av planforslaget	Avbøtande tiltak
Landbruk	Ingen	Svakt negative	Ingen
Næringsutvikling, lokal økonomi, utbygging	Ingen	Ingen	Utnytte og forsterke innsatsen for samfunns- og næringsutvikling. Utarbeide målretta og fleksible arealplanar i dei bygdenære områda.
Lokaldemokrati og identitet	Ingen	Ingen	Ingen
Forsvaret	Ingen	Ingen	Ingen
Friluftsliv	Ingen	Svakt negative	Ingen
Kulturminne	Ingen	Svakt positive	Skjøtselsplanar for enkelte lokalitetar, og nye kartleggingar.
Naturmangfald	Ingen	Svakt positive	Følgje med i villreinen sin arealbruk og bestandsutvikling.
Landskap	Ingen	Ingen	Skjøtsel og landskapspleie på prioriterte lokalitetar
Drift av eksisterande anlegg for kraftproduksjon	Ingen	Ingen	Ingen
Småkraftverk	Ingen	Ingen	Ingen
Uttak av mineral og lausmassar	Ingen	Ingen	Ingen
Samferdsel	Ingen	Ingen	Ingen
Samfunnstryggleik	Ingen	Ingen	Ingen
Forholdet til miljørettsprinsippa	Ingen	Ingen	Ingen

Konklusjon

Det er positivt at kunnskapsgrunnlaget for villrein er oppdatert.

Det er og positivt at kommunane får meir føreseielege rammer for si arealplanlegging.

Det ligg føre ein balansert Regional plan for Dovrefjellområdet, som sikrar både villreinen sine leveområde på langs sikt, og gjev rom for lokal og regional omstilling.

NVO følgjer i hovudsak rapport NINA-800 sin definisjon av biologisk fundert leveområde for villrein. Det er gjort eitt større avvik aust for Savalen i Hedmark, som er vurdert både etter villreinfaglege og samfunnsmessige omsyn. Elles er det gjort mindre tilpassingar der etablert, lokal arealbruk tilseier det.

Bufferonene som er føreslege i planen bidreg til å førebyggje uheldig arealbruk i utsette område. Regional plan for Dovrefjellområdet er godt samordna med Regional plan for Rondane, men også Regional plan for Forolhogna og Regional plan for Ottadalsområdet.

Dei store, varige naturinngrepa på Dalsida gjer at ein har liten eller ingen effekt av å leggje varige band på arealbruken på Dalsida. Her bør det liggje til rette for å ta omsyn til villreinen gjennom lokale prosessar.